



# ÅRSRAPPORT 2019

Oslo, 13. mars 2020

**KORO**  
KUNST I OFFENTLIGE ROM

**Framsidefoto:** *Eksempelar*, skulptur,  
utskoren frå ei trestamme i alm, 2019  
**Kunstnar:** Mattias Härenstam  
**Stad:** Universitetsmuseet i Bergen  
**Fotograf:** Pål Hoff

# Innhald

|             |                                                                         |           |
|-------------|-------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>I.</b>   | <b>Leiars utgreiing</b>                                                 | <b>4</b>  |
| <b>II.</b>  | <b>Introduksjon til <u>verksemda</u> og hovudtal</b>                    | <b>6</b>  |
|             | 1. Stillingar og årsverk                                                | 8         |
|             | 2. Utvalde volumtal                                                     | 9         |
|             | 3. Nøkkeltal frå årsrekneskapen                                         | 11        |
| <b>III.</b> | <b>Årets aktivitetar og resultat</b>                                    | <b>12</b> |
|             | A. Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk              | 12        |
|             | B. Mål og styringsparameter fastsett av Kulturdepartementet             | 13        |
|             | 1. Produksjon og finansiering av kunst av høg kvalitet i offentlege rom | 13        |
|             | 2. Brei og aktiv kommunikasjon og formidling av kunst i offentlege rom  | 25        |
|             | 3. God forvaltning av kunst i offentlege rom                            | 34        |
|             | 4. Produksjon og formidling av kunnskap om kunst i offentlege rom       | 42        |
|             | 5. God og effektiv tilskotsforvaltning                                  | 44        |
|             | C. Planar og aktivitetar knytt til spesielle føresetnader               | 44        |
|             | D. Forvaltning av tilskotsmiddel                                        | 44        |
| <b>IV.</b>  | <b>Styring og kontroll i verksemda</b>                                  | <b>45</b> |
|             | 1. Måloppnåing                                                          | 45        |
|             | 2. Fellesføringar                                                       | 45        |
|             | 3. Likestilling                                                         | 47        |
| <b>V.</b>   | <b>Vurdering av framtidsutsikter</b>                                    | <b>48</b> |
| <b>VI.</b>  | <b>Årsrekneskap</b>                                                     | <b>50</b> |
| <b>VII</b>  | <b>Vedlegg</b>                                                          | <b>66</b> |

## I. LEIARS UTGREIING

I tråd med dei overordna måla for KORO blei det i 2019 iverksett, kuratert, produsert og gitt tilskot til ei rekke kunstprosjekt i bygg og uterom. Både prosessane og dei ferdigstilte verka blei gjort tilgjengelege for lokale brukarar og besøkande og for eit større nasjonalt og internasjonalt publikum. Dette skjedde gjennom ei brei vifte av kommunikasjons- og formidlingstiltak i digitale og analoge medium og gjennom opne og målgruppeorienterte arrangement. Arbeidet med forvaltning av kunstsamlinga blei gitt høg prioritet. Fagfolka i dei ulike seksjonane vidareførte eit aktivt arbeid med rådgiving, opplæring og anna kunnskapsdeling. Både kunstseksjonen og seksjon for kunstforvaltning deltok også i 2019 i forskningssamarbeid med norske og internasjonale deltakarar. Administrasjonen vidareførte arbeidet med å utvikle internt regelverk og eksterne avtaler og tenester.

KORO oppretta i 2019 ein ny seksjon for kommunikasjon og formidling med tre tilsette. Ein ny leiingsmodell med seksjonssjefar i alle dei fire seksjonane blei etablert i løpet av året. Vi fekk også høve til å tilsette kuratorar i åremål for første gong.

Samla sett var måloppnåinga i 2019 god. I tråd med årsplanen blei bl.a. følgande tiltak gjennomført i løpet av året:

- Totalt hadde vi 274 kunstprosjekt i arbeid. Av desse hadde vi det fulle produksjonsansvaret for 74 prosjekt i statlege bygg og leigebygg og medverka aktivt i 6 prosjekt i uterom og i byutviklingsprosessar. Det blei gitt tilskot til 32 nye prosjekt gjennom den nye, søkbare Lokalsamfunnsordninga (LOK). Tilveksten av nye oppdrag i Statleg ordning var moderat, og i motsetning til i 2018 blei det ikkje inngått avtaler om gjennomføring av nye store prosjekt. Eit unntak i denne samanhengen var oppstarten av eit forprosjekt for kunstprosjektet i det nye regjeringskvartalet. Det er føresett at oppdragsbrev for hovudprosjektet kjem i 2020. Kunstprosjekta blir leia av kunstseksjonen, men i 2019 omorganiserte vi prosjektverksemda slik at fagkompetanse frå alle dei fire seksjonane er involvert i alle prosjekt frå oppstart til ferdigstilling.
- Den nye seksjonen for kommunikasjon og formidling representerte ei klar forsterking av arbeidet med kunstformidling både frå samlinga og i dei løpande prosjekta. Det blei i tillegg tatt initiativ til revisjon og nyutvikling av infrastrukturen til KORO's eksterne og interne kommunikasjonsarbeid.
- Forvaltningsseksjonen har vidareført arbeidet med overordna ivaretaking av kunstsamlinga. Kvaliteten på data- og bildematerialet i verkdatabasen blir stadig betre. Kunnskapen om eldre verk i samlinga held fram å vekse. Alle nye prosjekt blir lagt inn fortløpande. Samarbeidet med dei lokale forvaltarane fungerer godt. Seksjonen har stor pågang når det gjeld rådgiving, bistand, istandsetting, utlån, opplæring osv. Som følge av auka interesse for eldre kunst

i og frå KOROs prosjekt er det blitt ein større grad av gjenbruk av verk frå kunstlageret. Dette – saman med eit omfattande vedlikehaldsetterslep – har ført til auka behov for restaurering av kunstverk.

- Etterspurnaden etter kunnskap om kunst i offentlege rom er merkbart aukande innanfor fagfeltet til både kunstseksjonen og forvaltningsseksjonen. I 2019 blei det lagt planar for eit nytt samlingsbasert kuratorprogram som skal bli gjennomført i Oslo og Trondheim våren og hausten 2020. Det blei også arbeidd med opplæring og kompetanseutvikling overfor ulike fagmiljø som arbeider i lokale kunstprosjekt over heile landet. Forvaltarane fortsette arbeidet med kursing av lokalt tilsett forvaltnings- og reingjeringspersonell. KORO støtta og deltok i fleire seminar om faglege utfordringar, som blei til etter initiativ frå regionale og lokale kunstmiljø. Vi arrangerte sjølve ein stor internasjonal konferanse om kunst i stad- og byutvikling i samarbeid med Oslo kommune.
- Administrasjonen arbeidde med effektivisering av drifta i KORO. Dei følgde også opp arbeidet med risiko- og sikkerheitstiltak, digitalisering, arbeidsmiljø og personaltiltak. Ein ny post 21 for føring av inntekter og utgifter i KOROs faglege prosjektverksemd blei implementert i budsjett- og rekneskapssystema.
- Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design flytta til det nye bygget på Vestbanetomta hausten 2019. For KORO var konsekvensen at leigeavtala for kontora i Kristian Augusts gate 23 i Oslo blei avvika. Vi inngjekk ei ny femårig avtale med Statsbygg om leige av lokale i Victoria terrasse 11. Det blei sett i verk ei omfattande opprusting av kontora med sikte på innflytting i februar 2020.
- I løpet av 2019 blei det utvikla ein ny strategiplan for perioden 2020-2024. Dette skjedde gjennom brei deltaking frå dei tilsette. Strategien blei lagt føre Kulturdepartementet i etatsstyringsmøte og vedtatt av direktør før årsskiftet.

Drifts- og fondsrekneskapa for 2019 er gjort opp med positivt resultat. Overskotet er søkt overført til 2020.

Takk til oppdragsgivarar, kunstnarar, kuratorar, kunstkonsulentar, andre oppdragstakarar, samarbeidspartnarar, eigar og personalet for alle gode bidrag til resultatet i 2019!

Oslo, 13. mars 2020



Svein Bjørkås

## II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

KORO – Kunst i offentlege rom – blei oppretta i 1976. KORO er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Kulturdepartementet. Det faglege arbeidet vårt er underlagt prinsippet om armlengdes avstand.


KORO er landets største produsent av kunst til offentlege bygg og uterom. Planlegging, gjennomføring og kvalitetssikring av kunstprosjekt i statlege nybygg er utgangspunktet for verksemda. Kunstordninga for statlege bygg er regulert ved kongelig resolusjon av 2. september 1997. KORO har i tillegg søkbare kunstordningar for leigebygg og eldre statsbygg (LES) og ei ordning for tilskot og produksjonsbistand som har til formål å stimulere til produksjon og formidling av kunstprosjekt i offentlege rom og bidra til utvikling innan fagfeltet lokalt og regionalt (LOK). Denne ordninga var ny i 2019 og erstattar dei to tidlegare kunstordningane for kommunale og fylkeskommunale bygg og miljø (KOM) og for offentlege uterom (URO).

KORO har som hovudoppgåve å sikre at flest mogleg skal kunne oppleve kunst av høg kvalitet i offentlege inne- og uterom over heile landet. Dette ansvaret blir ivaretatt gjennom at vi produserer, forvaltar og formidlar kunstprosjekt ved skular, universitet, politiske institusjonar, rettslokale, kontorbygg, fengsel, kulturhus, jernbanestasjonar, helse- og omsorgsinstitusjonar, militærleirar, rådhus, regjeringsbygg, asylmottak, ambassadar og andre offentlege anlegg. I tillegg bringer vi kunst ut til offentlegheita utanom bygga, kor ytringane til kunstnarane inngår i den allmenne meiningsbrytinga, identitetsdanninga og minneforvaltninga. For at kunstverka også skal gi mening for flest mogleg, er informasjon og formidling dessutan ei svært viktig oppgåve for KORO. KORO har det overordna forvaltningsansvaret for staten si samling av kunst i offentlege rom. Samlinga omfattar 7764 verk, som er å finne på 998 ulike stader i Noreg og ved norske ambassadar og konsulat i utlandet.

Arbeidet med produksjon, formidling og forvaltning av kunst gjer at KORO er ein stor oppdragsgivar for kunstnarar, kuratorar og kunstkonsulentar. Både produksjon og forvaltning av kunst til bygg og offentlege plassar krev spesialisert kompetanse. KORO gir tilbod om kompetanseutvikling og faglege nettverk for relevante faggrupper. I tillegg formidlar vi kunnskap om kunst i offentlege rom gjennom forelesingar, seminar og konferansar, og vi lagar og gir ut publikasjonar og formidlingsmateriale i eit breitt spekter av medium.




**Figur 1: Viktige sammenhenger i KOROs resultatkjede**



KORO har kontor i Oslo og er organisert i fire seksjonar. Ved årets slutt hadde vi 20 tilsette i faste stillingar og åremålsstillingar, i alt 19,5 årsverk.

**Figur 2: Organisasjonskart for KORO**



## 1. Stillingar og årsverk

Etter ei omorganisering av leiargruppa til KORO består denne frå 2019 av direktøren og dei fire seksjonsleiarane. Administrasjonssjefen slutta i stillinga si i løpet av året og blei erstatta av seksjonsleiar for administrasjon, som begynte i januar 2020. Det har vore 23 personar i tilsettingsforhold i 2019; av dei var 21 stillingar faste/åremål. To personar i fast stilling slutta i 2019. Begge er erstatta, frå januar og mai 2020. Vi hadde to personar tilsette i kortvarige, midlertidige engasjement som rådgivarar.

*Tabell 1 viser ein oversikt over tilsettingsforhold i løpet av 2019.*

| Stillingskategori | Tal       | Åremål av desse |
|-------------------|-----------|-----------------|
| Direktør          | 1         | 1               |
| Seksjonsleiar     | 4         | 1               |
| Seniorrådgivar    | 9         | 1               |
| Rådgivar          | 9         | 1               |
| <b>SUM</b>        | <b>23</b> | <b>4</b>        |

| Stillingskategori              | Stillingstittel                     | Tal       | Åremål av desse |
|--------------------------------|-------------------------------------|-----------|-----------------|
| <b>Faste stillingar</b>        |                                     |           |                 |
| Direktør                       | Direktør                            | 1         | 1               |
| Seksjonsleiar                  | Administrativ leiar                 | 1         |                 |
| Seksjonsleiar                  | Kommunikasjonssjef                  | 1         |                 |
| Seksjonsleiar                  | Leiar, seksjon for kunstforvaltning | 1         |                 |
| Seksjonsleiar                  | Leiar for kunstseksjonen/kurator    | 1         | 1               |
| Seniorrådgivar                 | Seniorrådgivar                      | 2         |                 |
| Seniorrådgivar                 | Seniorkurator                       | 1         |                 |
| Seniorrådgivar                 | Kurator                             | 5         | 1               |
| Seniorrådgivar                 | Konservator                         | 1         |                 |
| Rådgivar                       | Rådgivar                            | 2         |                 |
| Rådgivar                       | Kurator                             | 1         | 1               |
| Rådgivar                       | Kurator - formidling                | 2         |                 |
| Rådgivar                       | Konservator                         | 1         |                 |
| Rådgivar                       | Registrar                           | 1         |                 |
| <b>Midlertidige stillingar</b> |                                     |           |                 |
| Rådgivar                       | Forvaltning                         | 1         |                 |
| Rådgivar                       | Kunstseksjonen                      | 1         |                 |
| <b>SUM</b>                     |                                     | <b>23</b> | <b>4</b>        |



## 2. Utvalde volumtal

*Tabell 2 viser utvalde volumtal knytt til kunstnarar og kuratorar/kunstkonsulentar i prosjekt kor KORO hadde produksjonsansvar.*

| Talet på kunstnarar, kuratorar og kunstkonsulentar i arbeid per år |      |      |      |
|--------------------------------------------------------------------|------|------|------|
|                                                                    | 2017 | 2018 | 2019 |
| Aktive kunstnarar                                                  | 85   | 64   | 69   |
| Aktive eksterne kuratorar/<br>kunstkonsulentar                     | 58   | 43   | 32   |

Talet på kunstkonsulentar/kuratorar i arbeid for KORO er blitt redusert noko i løpet av dei siste åra. Kunstkonsulentar/kuratorar i KOM-ordninga er overlatne til tilskots-mottakaren. I kunstprosjekt som blir produsert av KORO gjennom statleg ordning, er det ei vending mot å benytte kuratorar og kuratorteam som har ansvar for fleire prosjekt. Tre kuratorar er tilsett på åremål i KORO og inngår i tabell 1 (inkl. leiaren for kunstseksjonen).

*Tabell 3 viser talet på kunstproduksjonar i arbeid dei tre siste åra.*

| Talet på kunstproduksjonar i arbeid per år |      |      |      |
|--------------------------------------------|------|------|------|
|                                            | 2017 | 2018 | 2019 |
| Produksjonar i arbeid                      | 291  | 282  | 274  |

*Tabell 4 viser aktive prosjekt i statleg ordning og budsjетtramme. Prosjekta er fleirårige.*

| Kunstproduksjon i statleg ordning |     |                                                       |
|-----------------------------------|-----|-------------------------------------------------------|
| 2019                              | Tal | Total budsjетtramme frå oppdragsgivar (i heile tusen) |
| Prosjekt i arbeid, samla          | 53  | 297 119                                               |
| Statsbygg                         | 45  | 218 369                                               |
| Forsvarsbygg                      | 2   | 5 880                                                 |
| Bane Nor                          | 1   | 3 500                                                 |
| Helseføretak                      | 4   | 64 370                                                |
| Stortinget                        | 1   | 5 000                                                 |

Tabell 5 viser talet på kunstprosjekt og budsjett i LES-ordninga.

| Kunstproduksjon i statlege leigebygg og eldre statsbygg (LES) |     |                                       |              |
|---------------------------------------------------------------|-----|---------------------------------------|--------------|
| 2019                                                          | Tal | Budsjett per runde<br>(i heile tusen) | Finansiering |
| Prosjekt 9. tildelingsrunde (2014–2015)                       | 1   | 6 000                                 | Post 50      |
| Prosjekt 10. tildelingsrunde (2016–2017)                      | 9   | 7 000                                 | Post 50      |
| Prosjekt 11. tildelingsrunde (2018–2019)                      | 11  | 6 000                                 | Post 50/21   |

Tabell 6 viser talet på kunstprosjekt og tilskot i LOK-ordninga.

| Lokalsamfunnsordninga (LOK) |     |                                   |              |
|-----------------------------|-----|-----------------------------------|--------------|
| 2019                        | Tal | Budsjetttramme<br>(i heile tusen) | Finansiering |
| Prosjekt i arbeid           | 4   | 2 000                             | Post 21      |
| Tilskot i 2019              | 32  | 10 000                            | Post 50      |

Tabell 7 viser talet på kunstprosjekt og tilskot i kunstordningane som blei avslutta og hadde siste tildelingsrunde i 2018.

| Kunstordningar avslutta i 2018                                                         |     |                          |
|----------------------------------------------------------------------------------------|-----|--------------------------|
| 2019                                                                                   | Tal | Budsjett (i heile tusen) |
| Prosjekt i arbeid frå 2018 og tidlegare under kommunal og fylkeskommunal ordning (KOM) | 112 | 38 093                   |
| Prosjekt i arbeid frå 2018 og tidlegare under uteromsordninga (URO)                    | 52  | 11 200                   |

Tabell 8 viser talet på kunstverk og prosjekt KORO har gjennomført gjennom åra som medfører eit overordna forvaltningsansvar.

| Forvaltning (overordna forvaltningsansvar) |               |                   |
|--------------------------------------------|---------------|-------------------|
| År                                         | Talet på verk | Talet på prosjekt |
| 2019                                       | 7 764         | 998               |

### 3. Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tabell 9 viser nøkkeltal basert på informasjon frå del VI.  
Årsrekneskapen for dei siste tre åra.

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2017–2019 (beløp i heile tusen) |        |                 |          |
|--------------------------------------------------------------|--------|-----------------|----------|
|                                                              | 2017   | 2018            | 2019     |
| KORO drift, post 01 inkl. overføringar                       | 18 114 | 18 664          | 23 671*  |
| Utnyttingsgrad driftsresultat                                | 98 %   | 97 %            | 95 %     |
| KORO drift, talet på årsverk per 31.12.                      | 17     | 17              | 19,5     |
| Lønnskostnader per årsverk                                   | 764    | 770             | 743      |
| Lønns- og personalkostnader, del av driftsutgifter           | 73,4 % | 72,6 %          | 65,2 %   |
| Tildeling post 21, utgifter (prosjekt)                       | 0      | 0               | 20 500** |
| Tildeling post 21, inntekter (prosjekt)                      | 0      | 0               | 15 000** |
| Tildeling post 50, til KORO fond                             | 19 700 | 4 940<br>15 300 | 12 500   |
| Tildeling post 50, til KORO fond øyremerkte prosjekt         | 5 300  | 0               | 0        |
| Tilfang av kunstprosjekt                                     | 13 130 | 89 930          | 13 420   |
| Kostnader i KORO, samla                                      | 71 773 | 51 260          | 56 882   |

\* Nytt oppsett for drift på post 01 frå 2019 som følge av overføring frå andre postar

\*\* Ny tildeling på post 21 frå 2019

### **III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT**

#### **A. SAMLA VURDERING AV RESULTAT, MÅLOPPNÅING OG RESSURSBRUK I 2019**

KOROs kulturpolitiske oppdrag er å sikre at flest mogleg får tilgang til samtidskunst av høg kvalitet i offentlege bygg og på andre offentlege arenaer over heile Noreg og ved norske ambassadar og konsulat. Dette gjer vi gjennom å påta oss oppdrag frå statlege byggherrar og andre statsfinansierte oppdragsgivarar, og ved å forvalte kunstordningar der statlege etatar og institusjonar, kommunar, fylkeskommunar, sivilsamfunnsaktørar og representantar frå dei kunstfaglege miljøa kan søke om kunstprosjekt, tilskot og produksjonsbistand.

Blant dei statlege byggherrane er Statsbygg den klart største oppdragsgivaren. I 2019 auka talet på oppdrag frå helsesektoren. Samtidig blei talet på oppdrag frå tradisjonelle samarbeidspartnarar som Forsvarsbygg og Bane NOR klart mindre. Dette heng dels saman med interne omleggingar hos oppdragsgivarane, dels med at samferdselssektoren og helsesektoren er blitt deregulerte. Helseføretaket Sykehusbygg lyste i 2019 ut leiing og gjennomføring av kunstprosjekt i sjukehus som eit anbod for private tilbydarar. Det er foreløpig usikkert om dette betyr at vi i KORO i framtida ikkje kan ta på oss kunstprosjekt ved sjukehusa. Alle dei nemnde oppdragsgivarane representerer byggeverksemd som treffer store befolkningsgrupper. Vi vil derfor fortsette arbeidet med å vidareføre avtalene med desse byggherrane.

KORO har ein svært kompetent stab og tilgang til nasjonale og internasjonale nettverk av kunstnarar, kuratorar, kunstkonsulentar, kunstformidlarar og konservatorar. Dette har sikra at vi har høg kvalitet og gode resultat i alle delar av verksemda.

At vi kunne styrke formidlingsinnsatsen gjennom friske budsjettmiddel for 2019, inneber at vi fekk etablert den ønskje balansen mellom ressursane innanfor produksjon, formidling og forvaltning.

Resultata for 2019 svarer til måla for verksemda. Det var gjennomgåande effektiv bruk av alle tilgjengelege ressursar.

## B. MÅL OG STYRINGSPARAMETRER FASTSETT AV KULTURDEPARTEMENTET

### Mål 1: Produksjon og finansiering av kunst av høy kvalitet i offentlige rom

I det følgende greier vi ut om resultatmål og faktiske mål innenfor styringsparametrene til departementet.

#### 1.1 Produksjon av kunst i statlige nybygg

*Tabell 10 viser talet på prosjekt som er ferdigstilte i 2019.*

| Resultatmål | Resultat |
|-------------|----------|
| 50          | 45       |

*Tabell 11 viser talet på nye prosjekt i 2019.*

| Resultatmål | Resultat |
|-------------|----------|
| 50          | 54       |

*Tabell 12 viser prosjekt under dei ulike kunstordningene i 2019.*

| Type ordning           | Nye prosjekt i 2019 | Prosjekt i arbeid 2019 | Ferdigstilte |
|------------------------|---------------------|------------------------|--------------|
| <b>Statleg ordning</b> |                     |                        |              |
| Statsbygg              | 6                   | 45                     | 17           |
| Forsvarsbygg           | 1                   | 2                      | 1            |
| Andre oppdragsgivarar  | -                   | 6                      | 2            |
| LES                    | 11                  | 21                     | 8            |
| KOM                    | avslutta            | 112                    | 5            |
| URO                    | avslutta            | 52                     | 12           |
| <b>SUM</b>             | <b>54</b>           | <b>274</b>             | <b>45</b>    |

## Statleg ordning

I 2019 har KORO hatt ein portefølje innanfor statleg ordning på 53 aktive prosjekt. I løpet av året fekk vi inn 7 nye små og store oppdrag. 6 prosjekt kom frå Statsbygg og 1 frå Forsvarsbygg. Prosjekttilfanget frå Forsvarsbygg har gått kraftig ned, og per 31.12.2019 har KORO berre eitt prosjekt i arbeid herifrå. I løpet av året avslutta vi 20 prosjekt, blant dei kunstprosjektet for Stortinget i Prinsens gate.

Vi startar 2020 med 33 prosjekt innanfor ordninga. Fleire av desse er store prosjekt med omfattande kunstproduksjonar. Campus Ås (kunstbudsjettt ca. 17 MNOK) blir ferdig i løpet av 2020, mens Haukeland universitetssjukehus (kunstbudsjettt 22 MNOK), Stavanger universitetssjukehus (kunstbudsjettt 35 MNOK) og Fakultet for livsvitenskap, UiO (kunstbudsjettt ca. 40 MNOK) er nokre år fra slutføring. Restbudsjetttet for aktive prosjekt utgjorde om lag 153 millionar kroner per 31.12.2019 og er fordelt på både fondsrekneskap (eldre prosjekt) og post 21 (nyare prosjekt).

Mot slutten av året fekk KORO i oppdrag å utføre eit forprosjekt i forbindelse med prosjektering av nytt regjeringskvartal i Oslo sentrum. Forprosjektet har to formål: All kunst i dei eksisterande departementsbygga skal registrerast, og det skal lagast ein overordna kunststrategi for nytt regjeringskvartal. Forventa oppstart av hovudprosjektet er ved årsskiftet 2020/2021.



Universitetet i Sørøst-Norge, Campus Ringerike på Hønefoss, **Per Inge Bjørlo**.

På Campus Ringerike har KORO ferdigstilt eit større prosjekt i samarbeid med kunstnaren Per Inge Bjørlo. I tillegg til eit nyproduisert monumentalarbeid i glas inngår fem grafiske arbeid. KORO har med dette prosjektet tilrettelagt for ei samling av Bjørlos verk som representerer ulike epokar og tiår i den anerkjende kunstnarskapen hans.

Per Inge Bjørlo, *Sorgserien*, 2019. Foto: Werner Zellien



Mattias Härenstam,  
*Eksemplar*, 2019.  
 Nedst: Detalj av  
*Betraktere*, 2019.  
 Foto: Pål Hoff



Naturhistorisk museum, Universitetet i Bergen,  
**Marthe Ramm Fortun og Mattias Härenstam.**

Ved Naturhistorisk museum finn ein to takhengde skulpturelle objekt i tre av Mattias Härenstam. Skulpturane er omstendeleg bearbeidd av individuelle organiske treemne og gir publikum ein alternativ inngang til refleksjon omkring den museale presentasjonen av naturhistoria. I tillegg har performancekunstnar Marthe Ramm Fortun innlemma fotografi i nokre av dei mange utstillingskabinetta på museet. I sameksistens med museet si samling av utstoppa dyr og dyreskjelett stiller Fortuns iscenesette fotografi av eigen kropp spørsmål ved vitenskapens kunnskapsformidling, klassifikasjonsmodellar og definisjonsmandat gjennom tidene. Fortun bidrar også med ein performanceserie i museet ein gong i året i perioden frå 2019 til 2028.

Marthe Ramm Fortun, *Vi skal ikke lage lærebøker (4)*, 2019. Foto: Kristine Jakobsen







Stortingets lokale i Prinsens gate 26,  
**Outi Pieski, Goshka Macuga, Ida Ekblad,  
Aurora Passero, Ane Graff og Ann Cathrin  
November Høibo**

På oppdrag fra Stortinget fekk KORO i 2014 ansvaret for kunstprosjektet i forbindelse med rehabiliteringa av Prinsens gate 23. Fem millionar blei sett av til kunstprosjektet, som stod ferdig i mars 2019. Det kuratoriske grepet for kunsten til Prinsens gate 26 tar utgangspunkt i korleis nymaterialitet kjem til uttrykk i kunsten i dag. Dette har vore omdreiningspunktet og sjølv utgangspunktet for kuratoren sin dialog med kunstutvalet til Stortinget. Kunstfeltet si nylege «vending» mot det taktile, det stofflege og interessa for materialitet er nær forbunden med eit kritisk engasjement for utfordringar knytt til miljø og klima. Kunstnarane synest på ulike vis å føreslå at vi ser verda på ein ny måte for å ta betre vare på den. Fleire av kunstnarane har dessutan latt seg inspirere av kunstnarar og verk som allereie er representerte i Stortinget si samling i dag.



Goshka Macuga, *The Fable of the Wolf, the Polar Bear, the Reindeer and the Cosmonaut*, 2018. Foto: Jessica Harrington

Øvst til venstre: Ann Cathrin November Høibo, *Untitled (Diptych)*, 2018.  
Øvst til høgre: Aurora Passero, *Coral Vision*, 2018. Begge foto: Niklas Hart





Norsk helsearkiv på Tynset,  
**Signe Solberg**

Ved Norsk helsearkiv på Tynset har KORO ferdigstilt to verk av kunstnaren Signe Solberg. På ein høgreist betongvegg i midten av den nye institusjonen finn vi det eine arbeidet: eit monumentalverk der 32 element i patinert koppar og blankglødd stål skaper ei dynamisk, horisontal rørsle i rommet. Den fragmenterte inndelinga i spisse, trekanta element kan minne om delvis bretta dokument og kan tolkast som ein referanse til institusjonens funksjon som landets nye arkiv for helseopplysningar og levd liv.

Signe Solberg, *Follow Rivers (1)*, 2019.  
Foto: KORO/Werner Zellien

Tabell 13 viser tilfanget av statlege prosjekt 2010–2019.

| Statleg byggherre |           |           |           |           |           |           |           |          |           |          |
|-------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------|-----------|----------|
|                   | 2010      | 2011      | 2012      | 2013      | 2014      | 2015      | 2016      | 2017     | 2018      | 2019     |
| Statsbygg         | 12        | 6         | 13        | 13        | 14        | 8         | 13        | 8        | 8         | 6        |
| Forsvarsbygg      |           | 7         | 1         | 7         | 5         | 1         | 3         |          |           | 1        |
| KUD               | 1         |           | 3         |           |           |           | 1         |          |           |          |
| Bane Nor          | 1         | 1         | 1         |           |           |           |           |          |           |          |
| Helseføretak      |           | 1         | 2         |           |           | 1         |           |          | 1         |          |
| Stortinget        |           |           |           |           |           | 1         | 1         |          |           |          |
| Andre prosjekt    |           |           |           |           |           |           |           |          | 2         |          |
| <b>Sum tal</b>    | <b>14</b> | <b>15</b> | <b>20</b> | <b>20</b> | <b>19</b> | <b>11</b> | <b>18</b> | <b>8</b> | <b>11</b> | <b>7</b> |
| Kunstbudsjett     | 38,9      | 29        | 47,4      | 29,96     | 33,51     | 10,57     | 14,43     | 13,13    | 90,18     | 13,4     |

Sjå VII. Vedlegg: Statlege prosjekt

## 1.2. Produksjon av kunst i eldre statsbygg og leigebygg

### LES-ordninga

LES arbeidde i 2019 med gjennomføringa av prosjekt frå 10. og 11. tildelingsrunde.

#### 10. tildelingsrunde (2016/2017)

I 2019 har det vore jobba med gjennomføringa av åtte prosjekt. Følgande sju er ferdigstilte: Den norske NATO-delegasjonen, Brussel; Norges Handelshøyskole (NHH), Bergen; Konkurransetilsynet, Bergen; Riksteatret, Oslo; Fylkesnemnda for barnevern og sosialsaker, Buskerud og Vestfold, Drammen; Sunnmøre tingrett, Ålesund samt Tolldirektoratet, Oslo. Det siste prosjektet, skulpturprosjektet utanfor Øvre Romerike tingrett, Eidsvoll, vil bli gjennomført våren/sommaren 2020.

I tillegg blei kunstprosjektet for Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo gjennomført i 2019. Prosjektet har vore organisert utanom dei øvrige 12 i 10. tildelingsrunde, med eigen kurator og i ei samfinansiering med byggherre (Entra) og leigetakar (UiO).

### 11. tildelingsrunde (budsjettår 2018/2019)

I januar blei ein ny tildelingsrunde lyst ut og ein ny fagkomité etablert med tre eksterne medlemmer. Komiteen har behandla søknader og hatt befaring og møte med 11 institusjonar som fekk tildelt kunst: Fredrikstad tinghus; Sogn og Fjordane tingrett, Førde; Statens barnehus, Kristiansand; Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Oslo; Alrek helseklynge, UiB, Bergen; Høgskolen i Innlandet, Lillehammer; NAV hjelpemiddelsentral, Ålesund; Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, Tønsberg; Ambassaden i Amman, Jordan, embetsbustaden; Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI), Oslo og Skatteetaten, Trondheim. Arbeidet med samtlege 11 har pågått parallelt gjennom heile 2019 og er forventa ferdigstilt i 2020.

*Tabell 14 viser ein oversikt over 10. og 11. tildelingsrunde med nokre nøkkeltal.*

| Tildelingsrunde | Budsjettår | Søkarar | Talet på tildelingar | Budsjettramme | Finansiering |
|-----------------|------------|---------|----------------------|---------------|--------------|
| 10              | 2016/2017  | 17      | 13                   | 7,0 mill. kr  | Post 50      |
| 11              | 2018/2019  | 16      | 11                   | 6,0 mill. kr  | Post 50/21   |




Sunnmøre tingrett, Ålesund,  
**Johanne Hestvold**

Ved første augekast kan mange av kunstverka til Johanne Hestvold sjå ut som reine abstrakte former, men dei tar alltid utgangspunkt i noko anna enn seg sjølv. I dei åtte verka ho har laga for publikumssonene i Sunnmøre tingrett, har ho henta inspirasjon frå mønsterblad ein syr klede etter, forenkla formene og overført dei til materiale som gir assosiasjonar til industri og bygg.

Johanne Hestvold, oversikt over åtte kunstverk, 2019.  
Foto: Werner Zellien





Norges Handelshøyskole,  
**Ida Ekblad**

Det nyproduserte måleriet til Ekblad er ein abstrakt bildekomposisjon med element frå blant anna kniplingstradisjonen og andre mønster og ornamentale strukturar. Nokre er gjenkjennelege, men dei fleste er henta frå kunstnarens eigen fantasi. På lerretet finn vi også eit gensermerke frå ei høghalsa trøye kunstnaren brukte som lita. Det fargerike måleriet er utført med målingsstrøk i den karakteristiske puff-teknikken til Ekblad, som gjer målinga ekstra tjukk.

Ida Ekblad, *Irske kniplinger*, 2019.  
Foto: Werner Zellien



Tollboden i Oslo,  
**Marius Engh**

Verket *Hermopolis* er oppført i forbindelse med restaureringa av Tollboden i Oslo. I frisa over inngangsdøra har Marius Engh brukt motiv og symbol frå etatens historie. Krevjing av toll har alltid gått føre seg, og i antikken fungerte tollbuene som portalar inn og ut av byer. Tittelen på verket viser til bystrukturen og arkitekturen i antikken og bruker myten frå Ovids *Metamorfoser*, om det skjebnesvangre møtet mellom gudane sitt sendebod Hermes og kjempa Argus med dei hundre auga.

Marius Engh, *Hermopolis*, 2019.  
Foto: Werner Zellien





Universitetet i Oslo, Domus Juridica,  
**Tiril Hasselknippe, Marianne Heier,  
 Lotte Konow Lund og Steinar Haga Kristensen**

Dei fire kunstnarane har utarbeidd kvart sitt kunstprosjekt til nybygget for Det juridiske fakultetet. Kunstverka kastar lys over ulike sider av kompleksiteten på det juridiske fagfeltet, og inviterer samtidig til nysgjerrigheit, openheit og ettertanke. Dei fire kunstnarane har svært ulike tilnærming både konseptuelt, i materialbruk og i form. Det har vore eit mål at kunsten går i dialog både med arkitekturen til bygget og funksjonen til staden, som ramme for utdanninga av morgondagens juristar og kriminologar. Historiske samanhengar, juridiske prinsipp og moglegheita til lovendringar er tema.

Bildet over: Tiril Hasselknippe, *Queens of the Tear Duct*.  
 Foto: Werner Zellien

*Sjå VII. Vedlegg: LES-prosjekt*



### **1.3 Finansiering og produksjon av kunst til lokalsamfunn**

#### **Prosjektstøtte frå Lokalsamfunnsordninga (LOK)**

Frå og med 2019 blei KOM-ordninga og URO-ordninga lagt ned og erstatta av Lokalsamfunnsordninga (LOK). Uavslutta prosjekt frå dei to ordningane blir gjennomført innanfor ramma av den nye ordninga. Denne nye ordninga skal stimulere til utvikling, produksjon og formidling av kunst i offentlige rom i lokale kontekstar over heile landet. Gjennom den nye ordninga vil KORO styrke samarbeidet med kunst- og kunstnarmiljøa i regionane og med kommunar og fylkeskommunar.

I 2019 hadde Lokalsamfunnsordninga ei samla økonomisk ramme på 14,5 millionar kroner. 10 MNOK var øyremerkte middel som kunstmiljøet, kommunane og fylkeskommunane kunne søke på. 2,5 MNOK har gått til utbetalingar av prosjekt som har fått løyvingar tidlegare år gjennom KORO's støtteordning for kommunale og fylkeskommunale prosjekt. 2 MNOK har gått til infrastrukturtiltak for å styrke samarbeid med regionale og lokale miljø og kunnskap om og kompetanse på kunst i offentlege rom. Til søknadsfristen 1. februar kom det inn totalt 137 søknader. 32 kunstprosjekt rundt om i landet fekk tilskot.

25. og 26. april inviterte KORO, Oslo kommune og aktørar i Hovinbyen til ein konferanse som blei finansiert og produsert med middel frå LOK-ordninga. Tema for konferansen var kunst i offentlege rom og byutvikling. Spørsmåla som danna utgangspunktet for innlegg frå norske og internasjonale kunstnarar, kuratorar og oppdragsgivarar var blant anna: Korleis kan samfunnet fornye seg ved å sleppe til den uregjerlege krafta som kunsten representerer i by- og stadutviklinga? Kan kunst vere eit middel til å bygge lokalsamfunna nedanfrå, men samtidig signalisere identitet og eigenart mot omverda? Konferansen var fullteikna og hadde 300 deltakarar frå ulike fagmiljø og ulike delar av landet.

Av dei uavslutta prosjekta frå URO blei dei fleste gjennomførte i 2019. Dei få som gjenstår, skal avsluttast i 2020. Etter KOM-ordninga er det framleis 107 uavslutta kunstprosjekt. KORO har sett av øyremerkte administrative ressursar for å få avslutta eit fleirtal av desse i løpet av 2020.

Tabell 15 viser fordelinga av LOK-løyvingar og prosjekt per fylke.

| Fylke                     | Talet på prosjekt |
|---------------------------|-------------------|
| Viken                     | 1                 |
| Oslo                      | 9                 |
| Agder                     | 1                 |
| Innlandet                 | 1                 |
| Rogaland                  | 3                 |
| Vestlandet                | 3                 |
| Trøndelag                 | 4                 |
| Troms og Finnmark         | 7                 |
| ikkje stadbundne prosjekt | 7                 |
| <b>SUM</b>                | <b>36</b>         |

Tabell 16 viser fordelinga av LOK-middel i 2019 i heile tusen.

| Etter søknad      |        |
|-------------------|--------|
| Avsetning post 50 | 12 500 |
| Tilskot frå KORO  | 9 950  |
| Talet på søknader | 137    |
| Talet på tilskot  | 32     |
|                   |        |
| Infrastruktur     |        |
| Avsetning post 21 | 2 000  |
| Prosjekt          | 4      |

Sjå Vedlegg VII: Prosjekt frå LOK, KOM og URO

*Haldeplassen i Lærdal,*  
**Lærdal kommune**

Lærdal kommune fekk i 2019 støtte gjennom LOK-ordninga og vil i 2020 og 2021 realisere kunstprosjekt på Gamle Haldeplassen i Lærdalsøyri. Dei siste to åra har det vore ei rekke nyetableringar i Gamle Lærdalsøyri i form av nye handels- og kulturtilbod. Dette betyr ny aktivitet og behov for ytterlegare oppgraderingar av uteområdet rundt det unike trehusmiljøet i Lærdal. KORO har tidlegare støtta Lærdal kommune med forprosjektmiddel for å sette i gang eit kunstprosjekt i forbindelse med stautviklingssatsinga til kommunen.

Lærdal kommune, *Haldeplassen*  
Foto: Tone Einelia



*Små monumenter i Oslo,*  
**Lars Sandås**

*Små monumenter* er eit av URO-prosjekta som blei avslutta i 2019. Kunstnaren Lars Sandås rettar søkelyset mot historia til det opne rusmiljøet i Oslo. Gjennom tre skulpturar løftar han fram tre stader som har vore sentrale i rusmiljøet i hovudstaden: Eika ved Akerselva, Plata ved Oslo S og Nisseberget i Slottsparken. Skulpturen til Nisseberget blei midlertidig plassert utanfor Kunstnernes Hus i påvente av ei egna lokalisering.

Lars Sandås, *Små monumenter*  
Foto: Niklas Hart

## **Mål 2: Brei og aktiv kommunikasjon og formidling av kunst i offentlege rom**

I mai 2019 blei KORO's arbeid med formidling forsterka og organisert i ein ny seksjon for kommunikasjon og formidling. Denne består av to nyttilsette kuratorar for formidling og ein kommunikasjonssjef som også er seksjonsleiar.

I løpet av året begynte seksjonen arbeidet med ei generell styrking og vidareutvikling av formidlingsarbeidet til KORO, i første omgang ved å systematisere og effektivisere grunnformidlinga i alle prosjekt: gode formidlingstekstar og bilde på nettsidene/intranettet til KORO og eventuelle mottakarinstitusjonar, malar for brosjyrar og formidling via pressemeldingar og sosiale medium.

Seksjonen har sørgt for at formidlings- og kommunikasjonsperspektivet er tatt omsyn til frå start i det tverrfaglege prosjektteamet til KORO etter kvart som nye prosjekt er oppretta i 2019. Vi har også gått inn i alle påbegynte prosjekt og gitt råd om, føreslått eller stått for praktisk gjennomføring av ulike formidlingstiltak.

I tillegg til generelt strategiarbeid har seksjonen hausten 2019 sett i gang og gjennomført store kommunikasjonsprosjekt som ny visuell identitet, herunder malverk, og gjennomgang av nettsidene til KORO.

Formidlingsfaget er eit satsingsområde for mange kulturinstitusjonar i dag, og den nye seksjonen har etablert seg i relevante nettverk, både formelle og uformelle, for å sikre at KORO kan vere delaktig i denne utviklinga. Eit eksempel er eit landsdekkande digitalt delingsforum som er initiert av Munchmuseet og starta opp hausten 2019.

Seksjonen har også ansvaret for formidling av den eksisterande samlinga til KORO. Derfor oppretta vi direkte kontakt med store mottakarmiljø, blant anna ved universitet og høgskular, der KORO har hatt store kunstprosjekt i fleire omgangar gjennom åra.

### **2.1 Formidling av kunst i pågåande prosjekt og av kunst frå samlinga**

Som nemnt blir det arbeidd systematisk med formidling i alle prosjekt. Formidlingsgrepa er heilt sentrale for å sikre forankring av produksjonen til KORO. Alle kunstprosjekt har si eiga prosjektside på koro.no med presentasjon av kunstverk og kunstnarar i tekst og bilde. Det blir også gjort andre kommunikasjons- og formidlingstiltak, som produksjon av filmar, brosjyrar og publikasjonar. I løpet av 2019 blei det også gjennomført forelesingar og kunstnarsamtaler fleire stader i landet. Under er nokre eksempel:





### **Kunstvandringar**

Guiden *Kunstvandring Bergen* er ei vidareføring og ein variant av tidlegare vandringar i regi av KORO i Oslo og Tromsø. *Kunstvandring Bergen* er ein guide til nokre av dei mange kunstverka i byen og er lagt opp slik at du kan ta heile runden i løpet av ein dag, til fots eller på sykkel. Mange av kunstverka er i sentrum, men guiden går også utanfor bykjerna og viser veg til verk ein elles ikkje kjem så lett over. Guiden er laga for mobiltelefon slik at ein kan følge med på kartet og lese korte tekstar om aktuelle kunstverk undervegs. Kunstverka i denne vandringa er ei blanding av nye og eldre verk, og aktiviserer slik både aktuelle og tidlegare verk i samlinga vår.

Bildet viser Bygg for biologiske basalfag ved Haukeland universitetssjukehus og dei japanske hagane, *SEIGEN-tei*. I atriets til bygget og i det tronge rommet mellom fjellet og basalfagbygningen har den japanske zenpresten og landskapsarkitekten Shunmyo Masuno skapt to japanske hagar. Foto: Jaro Hollan

### Intervju

I løpet av året har vi laga reportasjar med kunstnarane i dei ulike kunstprosjekta.

Bilde som viser arbeidsprosessen til ein kunstnar, blir verdsett – både på nettsidene våre og i sosiale medium.


Her besøker vi Mattias Härenstam på verkstaden hans i Fjällbacka, der han arbeidde med fleire større treskulpturar for Universitetsmuseet i Bergen. Intervjuet blei publisert på KOROs nettsider da museet opna, og delt i sosiale medium.

Foto: Magnus Tenge



### Videoar

I 2019 laga vi fleire filmar knytt til kunstprosjekta for å gi publikum innsikt i dei kunstnariske prosessane. Videoane er ein effektiv måte å komme tett på både kunstnar og verk og blir lagt ut på KOROs nettsider, Facebook og Instagram. Her er to av årets videoproduksjonar: Per Inge Bjørlo fortel om arbeidet med å samle både nye og eldre arbeid til det nye sentralbygget på Campus Ringerike. Kunstnar Signe Solberg tar oss med inn i verkstaden sin, der vi får ta del i prosessen bak skulpturinstallasjonen til Norsk helsearkiv.







### Kunstnarsamtaler og omvisingar

Kunstnarsamtaler og omvisingar finn vanlegvis stad når eit prosjekt opnar, men eignar seg også for å revitalisere samlinga. Da Oslo tinghus og kunsten der feira 25 år i 2019, var KORO til stades. Under Rettens dag i oktober var det tilrettelagde aktivitetar og opent hus. KORO sitt bidrag var ei kunstnarsamtale med Ole Lislerud, som står bak hovudverket på huset, samt ei kunstmvising. Sistnemnte blei halden for dei tilsette på huset, og dei som møtte fram, viste stort engasjement og stoltheit over samlinga. Foto: KORO



### Foredrag

KORO har gjennom 40 år bidratt med mykje kunst til Universitetet i Tromsø, og har overordna forvaltningsansvar for ein stor del av samlinga der. Da kunsthistoriestudiet ved universitetet feira 30-årsjubileum i desember 2019, blei KORO invitert til å halde foredrag. Å ha god kontakt med mottakarmiljøa og formidle KORO si samling til dei som har samlinga hos seg i det daglege, ser vi på som særleg viktig. Foto: KORO



**Konferanse.** Tema: Kunst i offentlege rom og byutvikling. *Kunsten å utvikle en by* gjekk av stabelen i Hovinbyen, Noregs største byutviklingsområde, 25. og 26. april i fjor. Arrangementet var eit samarbeid mellom Oslo kommune, KORO og aktørar i Hovinbyen. Her frå minglinga i lunsjen. Foto: KORO



### Seminar og arrangement

*Formidlingsseminaret 2019: Det ikke styrte* blei arrangert 2.-3. mai og var eit samarbeid mellom Kunsternes Hus, Kulturtanken, Nasjonalmuseet og KORO. Seminaret samla formidlarar, museums- og gallerileiarar, kuratorar, kunstnarar og produsentar. Årets seminar såg på prosjekt og kunstverk der formidling og verk var eitt og det same eller ikkje kunne tenkast uavhengig av kvarandre. På programmet stod store internasjonale namn som Bob og Roberta Smith (UK) og Rimini Protokoll / Daniel Wetzel (D).

Bildet til høgre er frå ei opning utanfor Kunsternes Hus i oktober, der det blei halde ein appell under opninga av Lars Sandås sitt kunstprosjekt *Små monumenter*. Foto: Niklas Hart.





## Foldarar og katalogar

I forbindelse med opningar, konferansar og arrangement produserer KORO både enkle foldarar og meir avanserte katalogar. Med den nyoppretta seksjonen har KORO fått ny kompetanse, og stadig meir av produksjonen av dette foregår nå «inhouse» i staden for at vi set ut arbeidet til eksterne konsulentar. Dette sparar vi både tid og pengar på, og det gir oss moglegheit til å ha eit heilskapleg blikk på det trykte materialet vi produserer.

## Fagstoff

I forbindelse med forvaltningsseksjonen sin gjennomgang av kunsten ved NMBU på Ås blei det laga ein større reportasje på nettsidene til KORO. Saka formidla korleis forvaltningsseksjonen jobbar med å ta vare på kunsten. Samtidig var dette ei moglegheit til å revitalisere ein del av dei eldre kunstprosjekta ved universitetet. KORO har bidratt med mange kunstprosjekt til NMBU opp gjennom åra. Reportasjen blei tilpassa dei ulike kanalane våre, og ei rekke kunstverk blei formidla på Facebook og Instagram.

## 2.2 Kommunikasjon om verk, prosjekt og anna verksemd i KORO

I KORO er kommunikasjon og formidling samla i éin seksjon. Dette er ikkje tilfeldig. Det kan ofte vere vanskeleg å peike på eit nøyaktig skilje mellom desse to disiplinane når det gjeld praktisk arbeid. Kor sluttar kommunikasjonen, og når blir det rein formidling? Arbeidet med å skape godt innhald på sosiale medium blir gjort av alle dei tre tilsette i seksjonen. Å jobbe ut mot pressa er ei rein kommunikasjonsoppgåve, men også å etablere gode kontaktar med dei som har kunsten hos seg og med dei øvrige samarbeidspartnarane våre. Vi jobbar aktivt med klarspråk i dette arbeidet; målet er at interessa for og kunnskapen om kunst i offentlege rom aukar, og at dei gode kunstopplevingane når ut til stadig nye grupper.

I forbindelse med blant anna kunngjeringar, arrangement og kunstopningar blir det produsert pressemeldingar som blir distribuert til nettverket vårt av journalistar og redaksjonar over heile landet. På dei største prosjekta er det blitt lagt ned ekstraordinært kommunikasjonsarbeid ut mot utvalde journalistar og medium for å sikre ei breiare dekning. Det blir jobba med å utvide krinsen av gode ambassadørar for kunsten i pressa.

I 2019 vidareførte vi arbeidet med informasjon og innhaldsproduksjon til nettsidene. Vi arbeidde oss målretta bakover i arkivet for å kunne vise fram ein stadig større del av samlinga. Ved utgangen av 2019 er 356 kunstprosjekt fyldig skildra på nettsidene våre.

Formidling på digitale flater er ein viktig del av arbeidet til seksjonen. KORO formidlar oppstarten av, prosessen undervegs og alle ferdige kunstprosjekt både på nettsidene, Facebook og Instagram. På dei to sistnemnde blir også enkeltverk framheva i forbindelse med for eksempel nasjonale merkedagar. Også utlysingar av oppdrag for kunstnarar og kuratorar, ledige stillingar, utlysingar av prosjektstøtte og andre aktualitetssaker blir produsert – og tilpassa aktuelle flater. Alle innlegg blir skrivne på norsk, både bokmål og nynorsk. I 2019 posta vi 127 innlegg på Instagram, dei aller fleste frå samlinga som eit ledd i revitaliseringa av eldre verk. Postane er ei vidareformidling av ein nystarta serie i fjor, #frasamlingen. Formatet gjer at tekstane er korte, inkluderande og informative.



*Tabell 17 viser talet på følgjarar i sosiale medium 2017–2019.*

|           | 2017 | 2018 | 2019 |
|-----------|------|------|------|
| Facebook  | 4593 | 5711 | 6600 |
| Instagram | 5068 | 6800 | 8700 |

Tabell 18 viser talet på sidevisingar og besøkande på nettsidene til KORO 2017–2019.

|                               | 2017    | 2018    | 2019    |
|-------------------------------|---------|---------|---------|
| Sidevisingar                  | 219 299 | 221 139 | 240 098 |
| Gjennomsnitt tidsbruk per økt | 02:32   | 02:20   | 01:17   |
| Besøkande på nettsidene       | 49 127  | 50 878  | 62 580  |

På nettsidene har vi ei overvekt av kvinnelege lesarar, 65 % mot 35 % menn. Dei fleste tilhøyrrer aldersgruppa 25–34 år, tett følgt av aldersgruppa 35–44. Dei aller fleste i Noreg har i dag sosiale medium som hovudkanal for nyheiter og oppdateringar, og nettsider får meir preg av å vere landingssider for nyheiter og stader der ein finn spesifikk info. Vi har derfor ikkje eit mål om ein generell auke av bruken av nettsidene våre, men arbeider for at informasjonen vi legg ut skal vere så relevant som mogleg for brukarane.



## **Særskilte kommunikasjons- og formidlingstiltak i 2019**

### **Visuell identitet – synleg og gjenkjennbart**

Med eit auka fokus på formidling og kommunikasjon har det vakse fram eit behov for ein einskapleg og sterk visuell profil. Den visuelle profilen til KORO har vore sprikande, med til dels ulike og litt tilfeldige uttrykk. Hausten 2019 sette vi i gang eit stort arbeid med å bygge opp ein tydeleg visuell profil som skal vere gjennomgripande i alle KORO-initierte prosjekt framover. Den nye visuelle identiteten blir implementert på alle flater våren 2020.

### **Koro.no – meir brukarvennleg**

Målgruppa til KORO er samansett. Både kunstnarar, kuratorar, kommunalt tilsette, mottakarar av kunsten og den breie offentlegheita, som presse og det allmenne publikummet, bruker nettsidene våre. Men finn dei det dei leitar etter? Hausten 2019 gjennomførte vi ein workshop der vi undersøkte nettopp det. Målet med workshopen var å jobbe fram meir formidlingsvennlege og oppgåvebaserte nettsider. Første delen av dette arbeidet vil bli synleg på koro.no våren 2020. Arbeidet med å utvikle og tilpasse nettsidene til blant anna dei skiftande medievanene til folk er ein pågåande prosess. Arbeidet krev innsikt og er ressurskrevjande, og må vidareutviklast i kontinuerlege etappar.

### **Fagforum**

2019 blei for alvor det året da KORO begynte å jobbe bevisst og planlagt i team på tvers av dei fire seksjonane. Som eit ledd i dette arbeidet blei Fagforum danna. Fagforum blir arrangert av dei ulike seksjonane etter tur. Målet er å etablere ein felles arena der faglege spørsmål og inspirasjon blir delt – og å halde kvarandre orientert om felte våre. Primært er det seksjonane sjølve som står for innhaldet, men vi inviterer også eksterne foredragshaldarar. Fagforum kjem til å leve vidare i 2020 og er eit verkemiddel i arbeidet med å styrke internkommunikasjonen i KORO.



### Mål 3: God forvaltning av kunst i offentlege rom

Forvaltningsseksjonen i KORO har innfridd godt over målsettinga på resultatmåla for 2019. Det gjeld både dei konkrete forvaltningsoppgåvene og ulike former for støtte til instansar som ivaretar kunst i offentlege rom.

*Tabell 19 viser talet på forvaltningsoppgåver og ulike former for brukarstøtte i 2018 og 2019.*

|                                     | Resultatmål | Resultat 2018 | Resultat 2019 |
|-------------------------------------|-------------|---------------|---------------|
| 3.1 Forvaltningsoppgåver            | 500         | 1135          | 1110          |
| Fordelt på:                         |             |               |               |
| Istandsettingar                     |             | 773           | 779           |
| Utlån                               |             | 36            | 13            |
| Lagra                               |             | 280           | 312           |
| Fjerna/tapt                         |             | 46            | 6             |
|                                     |             |               |               |
| 3.2 Brukarstøtte                    | 200         | 303           | 254           |
| Førespurnader, rådgiving og bistand |             | 296           | 245           |
| Kompetansegivande tiltak            |             | 7             | 9             |

#### 3.1 Kunstsamlinga skal vere i god stand og bli handtert på ein forsvarleg måte

##### Istandsettingar, utlån, lagring og fjerning av kunstverk

KORO har eit overordna ansvar for forvaltninga av kunst frå statlege prosjekt og kan pålegge tiltak. Mottakaretaten har det daglege praktiske og økonomiske ansvaret for ivaretakinga av kunsten. Generelt er det slik at talet på handteringar i form av istandsettingar, lagring og fjerning av verk har stabilisert seg på eit noko lågare nivå enn året før. Grunnen er at den første gjennomgangen av kunstsamlinga via tilbagemeldingssystemet så å seie er fullført.

Forvaltning held på å gjennomgå KORO's kunstverkdatabase for å oppdatere og fylle på informasjon. Ved utgangen av 2019 var 65 % av samlinga gjennomgått. Det er eit mål at alle verk i kunstsamlinga – frå 1976 og fram til i dag – skal vere fylldig dokumentert i Primus og på nettstaden DigitaltMuseum. Informasjonen herifrå blir også overført til presentasjonen av prosjekta på dei nye nettsidene til KORO. Registreringa er meir tidkrevjande jo lenger bakover i tid vi kjem. Dette er blant anna på grunn av mindre fylldig arkivmateriale og behov for eigne undersøkingar og innhenting av data frå andre kjelder. Denne oppdateringa er fullført til og med 1992 ved utgangen av 2019.

KORO har for tida også eit fotoprojekt knytt til oppdatering av bildematerialet i kunstverkdatabase. Dette er for å sikre betre kvalitet på gjengivingar til bruk i forskings- og formidlingssamanheng, samt identifikasjon av verk når vi er i kontakt

med mottakarettatane. Sidan oppstarten av fotoprojektet i 2017 er 1123 verk fotograferte på nytt. Det pågår også tiltak for skilting der dette manglar.

I porteføljen til KORO finst stadig fleire verk av meir midlertidig, relasjonell og ikkje-materiell karakter. Denne kunsten har eigne utfordringar og problemstillingar knytt til ivaretaking og dokumentasjon for ettertida. Dette er avgjerder som må takast på tvers av fagseksjonane, for eksempel kva ein skal ta vare på, og korleis, og bruk av namn og fagtermar.

I 2019 blei det sett ned ein tverrfagleg komite for planlegging og implementering av dokumentasjon og forvaltning av desse verka. Ei ekstern utgreiing blei innhenta frå ein kurator med lang erfaring frå produksjon av slike uttrykk. Denne utgreiinga vil vere utgangspunktet for den vidare diskusjonen om metodar og løysingar.

KORO utvikla ein eigen modul knytt til nettsidene for å kunne gjennomføre undersøkingar av korleis det stod til med kunsten hos mottakarinstitusjonane rundt om i landet. Ved utgangen av 2019 har vi fått tilbakemelding på samtlege kunstprosjekt og verk i samlinga til KORO. Tilbakemeldingssystemet har vore eit nyttig og verdifullt verktøy for seksjonen og har gjort det mogleg til å innhente viktig informasjon om tilstanden til samlinga.

Det har vore eit godt samarbeid med mottakarinstansane, og tilbakemeldingssystemet har bidratt til å styrke kontakten med mottakarar over heile landet. Talet på førespurnader om ivaretaking av kunst har auka, og vi registrerer eit behov for meir informasjon om kunst i offentleg rom og korleis vi kan bistå i forvaltninga av kunsten.

I det kommande året skal seksjonen arbeide vidare med å registrere og oppsummere all data vi har fått inn. Tilbakemeldingssystemet er eit verktøy vi ønsker å fortsette å bruke i det daglege arbeidet med kunstforvaltning. Basert på informasjonen vi har fått inn i denne første runden, skal vi sjå nærmare på om det er behov for å endre tilbakemeldingsskjemaet. Vi skal også vurdere korleis vi rutinemessig skal innhente desse tilbakemeldingane i dei kommande åra.

KORO bistår med konservatorkompetanse ved istandsetting av eksisterande verk og gir råd om generell forvaltning. Det er stor pågang og eit klart behov for bistand.

KORO får frå tid til annan kunst i retur grunna ombygging, flytting eller sal av bygg. Denne kunsten blir gjennomgått og sett i stand, før den blir forsøkt omplassert til andre mottakarar. I 2019 har blant anna Universitetet i Tromsø fått tilført fleire verk. *Kistefjellet* frå 2006 av Erle Stenberg og Elin Tanding Sørensen er restaurert og omplassert frå opphavleg plassering ved skattekontoret i Tromsø til nye lokale ved universitetet. Eevahenna Aaltos *u.t.*, tekstil frå 1996, er omplassert frå politiet i Tromsø til det nye bygget for medisin og helsefag (MH2) ved universitetet saman med Torbjørn Kvasbøs objekt i keramikk frå 2004, opphavleg frå Norges Brannskole i Tjeldsund, Nordland.



Tekstilarbeidet består av batikk på lerret spent opp på rammer. Inntil politiet flytta til nye lokale, hang verket på venterommet til publikum. Det er nå forsterka med bakplater for å få betre stabilitet og er plassert i MH2, det nye bygget for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø.

**Eevahenna Aalto, u.t., 1996.** Foto: Ingun A. Mæhlum





Også Torbjørn Kvasbø sine keramiskarbeid har fått ei ny og god plassering i MH2. Torbjørn Kvasbø er kjend for dei plastiske og monumentale keramiske arbeida sine. Han er særleg inspirert av den japanske keramikken. Forma og framstillinga til skulpturane gir assosiasjonar til menneskekroppar og sarkofag-liknande former.

Forma til skulpturane er direkte kopla til brenneprosessen. Leira blir forma/deformert når den blir utsett for sterk varme. Kvasbø glaserer skulpturane med gamle kinesiske fargar, sterkt blått, gult, grønt, oransje og raudt.

**Torbjørn Kvasbø**, *Objekter*, 2004. Foto: Ingun A. Mæhlum



### Utlån

KORO får jamleg førespurnader om utlån av kunst til temporære utstillingar. Dei siste åra har særleg utlån av samisk kunst vore aktuelt. KORO har eigne etablerte rutiner for utlån. Ivaretaking kontra tilgjengeleggjering er ei problemstilling som blir vurdert i kvart enkelt tilfelle. Utlån blir gjort i samråd med mottakarene som har kunsten hos seg. Av større hendingar i 2019 er utlånet av Britta Marakatt-Labba, *Historja*, 2007 til Dronning Sonja KunstStall i ei stor mønstring av samisk kunst i forbindelse med 30-årsjubileet til Sametinget.



Nedpakking av Britta Marakatt-Labbas verk *Historja*, 2007. Foto: UiT / Dronning Sonja KunstStall

### **Lagra, fjerna og tapt**


Lagra kunst er kunstverk som er komne i retur på grunn av nedlegging av verksemder, sal av bygg, omorganisering eller flytting. Desse verka blir forsøkt utplassert til nye mottakarar.

Ein eigen avhendingsrutine i tydinga «går ut av samlinga» som styrer korleis verka blir vurdert, legg føringer for arbeidet. Avhendingssaker blir behandla av ein fast sakkyndig komite med jamlege møte. Det er halde to møte i avhendingskomiteen i år. 6 verk er avhenda og tatt ut av samlinga i 2019.

### **3.2 God rettleiing i handtering av kunst i offentlege rom – informasjon, rådgiving og bistand overfor institusjonar og etatar**

KORO får mange førespurnader og tar også sjølv initiativ til tiltak overfor institusjonar/aktørar som forvaltar offentleg kunst. Her omtaler og tel vi alle typar førespurnader per e-post, telefon og brev av noko omfang og som inneber saksbehandling. Denne vil variere frå konkret bistand til rådgiving om for eksempel vedlikehald, istandsetting, ombygging og flytting.

KORO gjennomfører kursing i handtering av kunst for tilsette ved mottakaretatane. I 2019 er det halde eit kurs ved NMBU på Ås i forbindelse med befaring av kunsten der gjennomført av ein samla forvaltningsseksjon. Kurset inneheld både ei generell innføring i forvaltningsarbeidet og ein mer praktisk orientert del. Dette punktet omfattar også møte om informasjon og opplæring.



**Løvaas & Wagle,**  
*Klippeblåvinge*, 2016,  
akrylmåling på ullstoff som er  
brodert med nylonstrømper.  
Foto: Ann-Lisbeth Hemmingsen



**Ingela Birkeland**, *Uten tittel*, 1980, bildevev i ull. Foto: Cathrine Wang



**Ingvar Gundersen**, *Laborint*, 2002, måla tre. Foto: Cathrine Wang

**Hanne Tyrmi**, *Frøfortellinger/ Stories of seeds*, 2015, støypet og patinert bronse, glasplater med trykte fargeflater og tekstar. Foto: Ann Lisbeth Hemmingsen







**Hanne Friis**, *Shades of Rubia Tinctorum*, 2014, farga og vovne uldelar som er falda og sydd saman.  
Foto: Cathrine Wang



**Elmgreen & Dragset**,  
*Cooling Bag*,  
2004, sprøyte-  
lakkert bronse-  
skulptur.  
Foto: Ann-Lisbeth  
Hemmingsen og  
Werner Zellien





Forvaltningsseksjonen deltar aktivt i gjennomføringa av nye kunstprosjekt i team. Det er viktig å komme tidleg inn i nye kunstprosjekt for å sikre proaktivt arbeid med forvaltar- og konservatorkompetanse. Forvaltning deltar i behandlinga av alle kunstplanar og deltar direkte i prosjekt etter behov. Ved revitaliseringa av eksisterande verk i nye prosjekt har seksjonen vore aktivt involvert.

### **Fagutvikling**

Dei tilsette i seksjonen arbeider også med utvikling av eige fagfelt. Vi deltar i det såkalla RAPMUS-prosjektet, eit 3-årig prosjekt for ivaretaking av kunstgjenstandar i plast. Målet er å auke bevisstheita om plast i norske kunstsamlingar og dei bevaringsmessige utfordringane i samlingar som inneheld plast. Vi samarbeider med dei største musea i landet og med forskingsinstitusjonar i Noreg og Frankrike.

### **3.3 Forvaltning av relevante statlege kunstsamlingar på oppdrag**

Frå 2019 har KORO bistått administrasjonen på Stortinget med ivaretaking av kunsten der. Arbeidet omfattar gjennomgang av kunstsamlinga for å tilstandsvurdere og sikre vesentlege verk. Vi bidrar også med kursing og rettleiing i korleis Stortinget konkret skal handtere kunsten.

Mot slutten av 2019 blei det planlagt og sett i gang eit arbeid med å registrere kunsten i departementa. Dette er ein del av forprosjektet for kunstprosjektet i det nye regjeringsskvartalet.

## **Mål 4: Produksjon og formidling av kunnskap om kunst i offentlege rom**

### **4.1 Gi opplæring til relevante faggrupper**

#### **Kuratorpraksis + det offentlege rom**

I 2018 lanserte og gjennomførte KORO eit nytt fordjupingsprogram som gir fagleg spesialisering innanfor kuratering og organisering av kunst i offentlege rom. Programmet skal gjennomførast annakvart år. I 2019 blei det gjort førebuande arbeid for å gjennomføre eit nytt program i 2020. Etter planen skal 10-12 nye deltakarar gjennomføre tre intensive fagsamlingar i Oslo og Trondheim i løpet av året.

#### **Kuratorsamlingar**

I løpet av 2019 blei det gjennomført djupneintervju med kuratorar som er eller har vore engasjert i prosjekt for KORO dei siste par åra. Siktemålet var å kartlegge kva for utfordringar kuratorane opplever i arbeidet. Intervjua blir i første omgang følgt opp med eit årleg seminar for kuratorar som arbeider for KORO. Formålet er erfaringsutveksling.

## 4.2 Auka kunnskapsdeling

KORO jobbar målretta med tiltak for å auke kunnskapen om fagfeltet kunst i offentlege rom. Dette skjer gjennom foredragsverksemd, kurs, seminar og nettverksbygging. Det er sett av ein halv stilling (frå kunstseksjonen til å styrke og leie dette arbeidet. Hausten 2019 var stillinga umanna ettersom personen som har dette ansvaret var i forskingspermisjon.

Gjennom LOK-ordninga finansierte og deltok vi på fleire seminar og faglege samlingar som blei arrangert av fylkeskommunane og regionale kunstsenter. Fagstaben til KORO hadde forelesings- og undervisningsoppdrag over heile landet og arrangerte informasjons- og kompetansehevande tiltak overfor mottakarinstitusjonane. Vi tok også imot studenter frå blant anna postgrad-kurset *Negotiating Artistic Values – Art and Architecture in the Public Sphere* frå Kungliga Konsthögskolan.

I løpet av året har KORO arrangert konferansar og seminar. Konferansen om kunst i offentlege rom og byutvikling i Hovinbyen er allereie omtalt. Det same gjeld formidlingsseminaret *Det ikke styrte* – om kunst, formidling og det utføreseielege, som var eit samarbeid mellom KORO, Kunstnernes Hus, Kulturtanken og Nasjonal-museet. Det årvisse formidlingsseminaret samla formidlarar, museums- og gallerileiarar, kunstnarar, kuratorar og produsentar frå heile landet.

I forbindelse med at Stortinget sette ned ein sannings- og forsoningskommisjon som skal granske fornorskingspolitikken og uretten overfor samar, kvenar og norskfinnar, etablerte KORO og OCA eit samarbeid om å produsere ein internasjonal konferanse og eit kunstverk. Målet er å vise at kunst kan opne for dialog, kunnskap og nysgjerrigheit rundt spørsmåla kommisjonen undersøker.

## 4.3 Stimulere til auka forskning, kritikk og journalistikk om kunst i offentlege rom

I tillegg er KORO involvert i forskingsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Oslo gjennom det nordiske forskingsprogrammet NORDHOST (Nordic hospitalities in a context of migration and refugee crisis. Vi deltar også i eit prosjekt om ivaretaking av kunstgjenstandar i plast (RAPMUS-prosjektet i samarbeid med aktuelle museum som har liknande problemstillingar.

### Forum for kunst i offentlege rom

I 2019 etablerte KORO eit forum for kunst i offentlege rom for interesse-organisasjonane som representerer dei nærmaste samarbeidspartnarane våre. Kunstnarorganisasjonane ved UKS, NBK, NK, FFF, Samisk kunstnerforbund, Norsk kuratorforening, Norsk kritikerlag og NAL var deltakarar på eit første nettverksmøte i 2019. Forumet skal møtast ein gong i året eller oftare ved behov. Formålet er at partane orienterer om dei interessepolitiske prioriteringane sine knytt til kunst i offentlege rom, og at ein diskuterer felles interesser og eventuelle motsetningar og ueinigheiter. Kunstkritikkens utvikling og vilkår var eit av temaa på det første møtet.

### **Rådgiving til produksjon, formidling og forvaltning av kunst**

KORO fekk i løpet av året svært mange førespurnader om råd og rettleiing knytt til finansiering, organisering, kuratering, formidling og forvaltning av kunst i offentlege rom. Førespurnadene kom frå kommunar, fylkeskommunar, ulike private aktørar, kunstnarar, kunstkonsulentar og kuratorar. Vi tok også imot førespurnader frå utanlandske aktørar som vil ha kjennskap til norsk kunst- og kunstnarpolitikk, kunstordningane og arbeidsmåtane til KORO.

## **Mål 5: God og effektiv tilskotsforvaltning**

### **5.1 Tiltak for internkontroll og oppfølging av tilskotsforvaltning**

Søknader om tilskot blir vurdert på bakgrunn av retningslinjer for Lokalsamfunnsordninga og førehandsdefinerte, tematiske prioriteringar. Tilskot blir innvilga etter innstilling basert på faglege vurderingar frå eit sakkyndig utval og vedtatt av direktør. Alle innvilga søknader blir oppretta som prosjekt i rekneskapssystemet til KORO. Utbetaling skjer på bakgrunn av milepælar i prosjekta og etter godkjenning av saksansvarleg og direktør. Internkontrollrutinene til KORO sikrar at det er oversikt og kontroll over gitte tilsegner og utbetalingar som gjenstår.

### **5.2 Responstid i samsvar med god forvaltningsskikk**

Førespurnader blir registrert og arkivert i arkivsystemet. KORO svarer på alle førespurnader så raskt som mogleg. I forbindelse med utlysing av tilskotsordningane blir det informert om korleis søknadene blir behandla, og når ein kan forvente vedtak. Søkarane får kvittering for mottatt søknad med informasjon om behandlingstid, svar og offentleggjering på nettsidene våre.

## **C. PLANAR OG AKTIVITETAR KNYTT TIL SPESIELLE FØRESETNADER**

Vi hadde ingen planar, særskilte oppdrag eller utbetalingar til allmenne kulturformål knytt til disponeringa av kap. 320, postane 50 og 73 i 2019.

## **D. FORVALTNINGAV TILSKOTSMIDDEL**

Vi viser til tidlegare omtale av den søkbare tilskotsordninga under hovudmål 1. Vi stadfestar at tilsegnfullmakta er halden. Søknadstilfanget er nokolunde stabilt når det gjeld ordninga for leigebygg og eldre statlege bygg. Lokalsamfunnsordninga hadde fleire søkarar i 2019, og søknadsbunken aukar. LOK tar vare på dei resterande pliktene frå kunstordningane KOM og URO, som blei avvikla i 2018.



## **IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA**

### **1. Måloppnåing**

KORO er fornøgd med måloppnåinga i går. Det er uløyste utfordringar, særleg knytt til formidlings- og forvaltningsoppgåver som blir vidareført som satsingsområde i 2020 og dei kommande åra.

ROS-analysen som blir gjort i forbindelse med årsplanane, er vurdert å vere formålstenleg for måloppnåinga til KORO.

Rekneskapen blir gjennomgått jamleg slik at ein har god budsjettkontroll.

I 2019 har KORO tatt i bruk post 21 i rekneskapen.

KORO har oppdaterte rutiner for internkontroll i administrasjonen og knytt til prosjektstyring og utbetalingsrutiner. Årlege disponeringsskriv slår fast gjeldande fullmakter for tilsette.

For å sikre god måloppnåing blir det halde jamlege prosjektoppfølgingsmøte kor ein gjennomgår status og framdrift.

Etiske retningslinjer for statstenesta er gjort kjent for alle tilsette. KORO har detaljerte habilitetsreglar som gjeld for alle som arbeider i KORO, for medlemmene i kunstutvala og andre som utfører oppgåver for KORO. Det blir innhenta eigenfråsegn om habilitet frå alle som utfører oppdrag for KORO.

Ved nyanskaffingar har KORO rutiner som tar vare på kravet om grønne og sosiale anskaffingar. Som i samfunnet elles er det auka bevisstheit om dette. Fleirbruksmaskinene våre er for eksempel laga av miljøvennleg materiale og benyttar miljøvennlege tonarar. Reinholdsløysingane benyttar miljøvennlege produkt, og KORO har eit retursystem for papir og kildesorterer avfall. KORO har utstyr for å kunne halde videokonferansar og -møte av omsyn til effektivitet, kostnader og miljø. Vi jobbar systematisk med å redusere talet på flyreiser.

#### **1.1 Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen har ingen vesentlege merknader til rekneskapen til KORO for 2019.

### **2. Fellesføringar**

#### **2.1 Arbeidslivskriminalitet**

Anskaffingar blir gjennomført og følgt opp på ein slik måte at det motverkar arbeidslivskriminalitet. I forbindelse med anskaffingar ber ein om skatteattest, og det blir stalt krav om at anskaffinga er etisk og miljømessig forsvarleg.

## **2.2 Inkluderingsdugnaden**

I 2019 har KORO gjennomført 7 rekrutteringar. Arbeidsfeltet til KORO er relativt spesialisert, og vi har søkt etter spesifikk kompetanse. Vi har ikkje registrert kvalifiserte søkarar med hol i cv-en eller redusert funksjonsevne til desse stillingane. Vi har engasjert kuratorar og kunstnarar som fell inn under denne kategorien til prosjektoppdrag, men vi fører ikkje noko register som kan dokumentere dette. Arbeidserfaringa frå oss har betydd noko og bidratt til at personar med midlertidige oppdrag har fått andre tilbod og er i arbeid.

## **2.3 Anskaffingar**

KORO er knytt til statlege fellesavtaler som er inngått med leverandørar, f.eks. kontorrekvisita, reisebyrå, telefoni, teleutstyr og pc-klientar.

## **2.4 Digitalisering**

KORO har outsourca IT-drifta og har berre eksterne leverandørar av digitale tenester og verktøy. Nettsidene til KORO med informasjon til samarbeidspartnarar og publikum er utvikla i samarbeid med ekstern leverandør og blir drifta eksternt. Nettsidene har ein elektronisk funksjon for søknadsbaserte tilskot, og det er mogleg med digital etterbehandling. KORO har også eit elektronisk tilbakemeldingssystem på nettsidene som er retta mot verksemdar som har kunst frå KORO hos seg, og som rapporterer til KORO om verkas status og tilstand. KORO benyttar sosiale medium som informasjonskanal. KORO har eit elektronisk saks- og arkivsystem. Det blir benytta elektroniske kanalar for bestillingar, jf. inngåtte statlege fellesavtaler.

## **2.5 Opne data**

Informasjon om kunstverka til KORO blir lagt ut både på nettsidene til KORO og i kunstverkdatabasen Primus og gjort tilgjengelig i Digitalt Museum. Det pågår eit registreringsarbeid for å legge inn alle tidlegare kunstproduksjonar.

## **2.6 Personvern**

Når det gjeld GDPR, har KORO kartlagt kor personopplysningar finst, og gått gjennom rutineane for oppbevaring av personopplysningar. Personopplysningar er sletta frå område der det ikkje er sakleg grunn til å oppbevare slike. Det er inngått databehandlaravtalar med alle leverandørar av system og verktøy kor personopplysningar finst. Vi har oppnemnt eit personvernombod. Det er innhenta samtykke frå alle som er oppført i oppdragsportalen til KORO, og ein må logge seg inn for å få tilgang til nettverket. Samtykke til bruk av foto på nettsidene er innhenta frå tilsette.

## **2.7 Samfunnssikkerheit og beredskap**

KORO har ein beredskapsplan for kontoret og ein krisehandteringsplan for kunst som er hos mottakaretatar. Det er etablert eit samarbeid med Restverdibergings-tenesta. Alle dei tilsette i KORO har vore på førstehjelpskurs. Oppdatert beredskaps- og krisehandteringsplan blir sendt til departementet i eiga sending.

## **2.8 Informasjonssikkerheit**

Arkivsystemet har tilgangskontroll knytt til kvar enkelt rolle. Ein må logge seg på for å få tilgang til heimeområde og fellesområde. Serveren er i eit låst lokale, og det er ei ekstern backuppløysing hos IT-driftsleverandøren vår. Vi får påminningar og råd frå IT-driftsleverandøren om farer knytt til informasjonssikkerheit.

## **2.9 HMS**

KORO gjennomfører årleg ein HMS-runde med fysioterapeut som vurderer arbeidsplassen til den enkelte og gir råd. Nødvendige anskaffingar blir gjort på bakgrunn av dette. Vi tilbyr influensavaksine til dei som ønsker det. KORO har skaffa hjartestartar, og fleirtalet av dei tilsette har fått opplæring i bruken av den. Som allereie nemnt har dei tilsette tatt kurs i førstehjelp. Vi tilbyr trening i arbeidstida, opp til ein time i veka, noko som både blir sett pris på og benytta i noko grad. Leiinga og verneombodet har møte om HMS gjennom året.

## **2.10 Personalpolitikk**

KORO er ei IA-bedrift og har eit kontinuerleg blick på arbeidsmiljøet og følger opp dette i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. KORO set i verk miljømessige tiltak som tilstellingar, felles reiser, julebord, jubileum, trening i arbeidstida og moglegheita til å halde seg fagleg oppdatert. Lønnspolitikken til KORO er under revisjon i samarbeid med organisasjonane. KORO har rutiner for intern varsling av kritikkverdige forhold.

## **2.11 Tiltak for å auke talet på lærlingar i staten**

KORO har knytt seg til OK Stat. Det er per dags dato ingen opplæringstiltak frå OK Stat som er direkte retta mot oppdraget til KORO. Leverandøren vår av IT-drift og -tenester har lærlingar i si verksemd, og fleire av desse utfører oppgåver for KORO knytt til drifta av IT-systema våre samt rådgiving.

# **3. Likestilling**

## **3.1 Ny likestillings- og diskrimineringslov**

KORO er opptatt av å fremme likestilling og å hindre diskriminering. Når vi utlyser oppdrag og stillingar, er vi opptatt av å vere inkluderande. Nettsidene våre er tilrettelagde ut frå krava om universal utforming.

## **3.2 Faktisk tilstand for kjønnslikestilling i KORO**

I løpet av 2019 har 23 personar vore i tilsettingsforhold. Det har vore fire kvinner og ein mann i leiargruppa. Samla hadde vi 4 menn og 19 kvinner tilsett i faste og midlertidige stillingar. Gjennomsnittslønna i tabellen er rekna ut frå lønnsnivået til dei 20 som var tilsett ved utgangen av 2019



Tabell 20 viser fordelinga av lønnsinntak i 2019.

|                    |        | Kjønnsbalanse |           |              | Gjennomsnittslønn (i heile tusen) |         |
|--------------------|--------|---------------|-----------|--------------|-----------------------------------|---------|
|                    |        | Menn %        | Kvinner % | Totalt (tal) | Menn                              | Kvinner |
| Totalt i verksemda | i år   | 20            | 80        | 20           | 728                               | 616     |
|                    | i fjor | 24            | 76        | 17           | 699                               | 591     |
| Leiarstillingar    | i år   | 25            | 75        | 4            | 1083                              | 765     |
|                    |        | 50            | 50        | 2            | 1024                              | 849     |
| Øvrige stillingar  | i år   | 19            | 81        | 16           | 610                               | 582     |
|                    | i fjor | 20            | 80        | 15           | 591                               | 569     |

### 3.3 Likestilling i kunstprosjekt

Tabell 21 viser talet på innleigde kunstkonsulentar, kuratorar og kunstnarar og utbetalingar til desse fordelt på kjønn i 2019.

|                               | Totalt tal | Talet på menn    | Talet på kvinner |
|-------------------------------|------------|------------------|------------------|
| Kunstkonsulentar og kuratorar | 32         | 9 (28 %)         | 23 (72 %)        |
| Kunstnarar                    | 69         | 33 (48 %)        | 36 (52 %)        |
|                               | Beløp      | Beløp            | Beløp            |
| Utbetaling til kunstnarar     | 12,9 mill. | 4,9 mill. (38 %) | 8 mill. (62 %)   |

## V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

KORO gjekk ut av 2019 med ein ny strategi for åra 2020 til 2024. Utgangspunktet for gjennomføringa av strategien er godt. Vi har gjennom ei årrekke hatt ein nøktern, men sunn driftsøkonomi. Organisasjonen er kompetent og i god stand. Det er etablert rutiner for tverrfagleg samarbeid i alle kunstprosjekt. Prosjektporteføljen er omfattande og variert, og talet på søkarar til dei søkbare kunstordningane aukar. Kunstsamlinga er omfatta av eit forvaltningsopplegg som er betre enn nokon gong. Kommunikasjons- og formidlingsarbeidet er godt i gjenge. Det same gjeld arbeid med produksjon og deling av kunnskap. Frå februar 2020 har KORO nye og eigna kontorlokale i Victoria terrasse i Oslo.

Talet på kunstprosjekt i arbeid er som normalt for dei siste åra. Vi er i gang med fleire store prosjekt, og vi ventar på nye store og små oppdrag fra Statsbygg, som er den desidert viktigaste oppdragsgivaren vår. For 2020 er det blant anna varsla igangsetting av prosjekt på NTNU, Vikingmuseet, Nationaltheatret og i det nye regjeringskvartalet. Omorganiseringar og sparetiltak i Forsvaret har dei siste to åra ført til ein markant nedgang i prosjekt fra Forsvarsbygg. Vi har fått to nye oppdrag den siste

tida, og vi ventar å få i hamn ei ny og revidert avtale med Forsvarsbygg. Vi har utfordringar med å få til dialog og samarbeid med det nasjonale helseføretaket Sykehusbygg. Ein skal bygge svært mykje i sjukehussektoren dei kommande åra. Sidan sjukehusa er offentlege og 100 % statleg finansierte bygg, som absolutt alle delar av befolkninga før eller sidan ferdast eller oppheld seg i, vil vi vurdere om det bør etablerast dialog mellom Kulturdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet for å sikre at det blir gjennomført kunstprosjekt i nye sjukehusbygg, og at dette skjer i dialog mellom helseføretaka og KORO. Dereguleringa av samferdselssektoren har ført til ein drastisk nedgang i bruken av pengar på kunst på flyplassar, jernbanestasjonar og ved andre samferdselsbygg. Også på dette området bør ein vurdere om dei aktuelle departementa bør komme saman for å diskutere korleis staten skal forholde seg til kunst i offentlege trafikkanlegg.

I 2020 skal vi gjennomføre ei intern evaluering av dei søkbare kunstordningane LES og LOK. Denne skal danne grunnlaget for ei eventuell vidareutvikling av ordningane slik at dei treffer behov og etterspurnad på ein god og riktig måte. Løyvingane til dei to søkbare ordningane har stått stille dei siste 5 åra. Den vidare utviklinga av ordningane må sjåast i lys av både dei aktuelle behova og vurderingane som kjem til uttrykk når den nye stortingsmeldinga om kunstnerpolitikken som er venta i 2020, blir behandla.

Vi har utvikla eit godt system for og god kompetanse på samlingsforvaltninga i KORO. Ein akilleshæl i systemet er at det manglar middel til å reparere og restaurere kunstverka. Det er dokumentert eit stort vedlikehaldsetterslep. Dette er først og fremst ein konsekvens av at den prinsipielle ansvars- og arbeidsdelinga mellom dei lokale etatane og institusjonane og KORO, der dei lokale aktørane har ansvar for dagleg og økonomisk ivaretaking av kunsten, er urealistisk og aldri har fungert etter planen. Etter vår oppfatting må KORO få direkte ansvar for ivaretakinga av verka i statens samling av kunst i offentlege rom. Vi har derfor søkt om at det frå 2021 blir etablert ei ny søkbar kunstforvaltningsordning der dei som har kunsten hos seg kan søke om delfinansiering og kompetansestøtte frå KORO, slik situasjonen er i kunstordningane LES og LOK. I forbindelse med kunstprosjektet i det nye regjeringsskvartalet er det grunn til å tru at vi vil utvide samlinga med fleire tusen kunstverk. Det vil vere av stor tyding at det innan det blir betre samsvar mellom oppgåver og ressursar slik at statens investeringar i kunst, og den kulturelle verdien kunsten representerer, blir tatt vare på ein forsvarleg måte.

Satsinga på kommunikasjon, formidling og kunnskapsdeling dei siste åra har bidratt til at vi kan gjere kunsten på dei offentlege arenaene relevant og meningsfull for stadig nye grupper av publikum og brukarar. Kunsten i dei offentlege romma skal vere fellesskapens kunst. For at dette skal vere mogleg, vil vi ha behov for ei kontinuerleg utvikling og oppdatering av formidlings- og kommunikasjonsflatene. Ei særleg moglegheit her er målretta og mottakarorientert bruk av digitale formidlingsverktøy. I åra som kjem, er det derfor viktig at vi klarer å utvikle og oppdatere den digitale infrastrukturen som kommunikasjons- og formidlingsarbeidet kviler på.

## **VI. ÅRSREKNESKAP**

### **Leiingskommentar årsrekneskapen 2019**

#### **Formål**

KORO er statens fagorgan for kunst i offentlege rom og får føringane og løyvingane sine frå Kulturdepartementet. Den unike rolla til KORO er å produsere, formidle og forvalte kunst til statlege bygg og andre offentlege miljø. Vi gir tilskot til kunst i kommunale og fylkeskommunale bygg og anlegg og i offentlege uterom. Verksemda har eit overordna forvaltningsansvar for statens samling av kunst i offentlege rom. KORO's direktør vedtar budsjett og rekneskap. Institusjonen er eit statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det framgår av prinsippnote til årsrekneskapen.

#### **Stadfesting**

Årsrekneskapen er avlagt etter avgjerder om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av KORO's disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

#### **Vurderingar av vesentlege forhold ved drifta**

I 2019 har KORO samla disponert ei tildeling på utgiftskapittel med kr 56,67 mill. og ei samla tildeling på inntektskapittel med kr 15,13 mill. KORO har hatt ei tilsegnsmakt på kap. 322 post 50 kr 11 mill., jf. løyvingsskildringa og note A. Samla mindretgift for post 01 var kr 1 322 274 irekna mindreinntekt og refusjonar frå NAV. Det søkaste overført til neste år på post 01 i tråd med berekningar i note B, som er kr 1 183 577, tilsvarende 5 % av løyving. Inntektsløyving på post 01 kr 136 000 er ikkje innfridd. Alle inntekter i 2019 gjeld prosjekt og er ført på post 02. Samla mindretgift for post 21 var kr 1 712 159. Post 21 er overførbar, og mindretgift søkaste overført til neste år. Posten var ny i 2019 og skal benyttast til rekneskapsføring av alle kunstprosjekt og andre prosjektbaserte aktivitetar. Kunstprosjekt i kunstordninga for statlege bygg blir sett i gang etter mottatt oppdragsbrev. Utgifter blir betalt av KORO, som sender refusjonskrav over tre terminar per år. Prosjekta går over fleire år. Inntektsløyving på post 02 var på kr 15 000 000. Mindreinntekt blei kr 4 861 158. Artskontorapporteringa for 2019 er samanlikna med tal for 2018 og viser dei samla beløpa for post 01/21. Rapporterte utgifter til drift (post 01 summerte seg til kr 22 213 281. Lønn og sosiale utgifter sin del av driftsutgiftene er 65,2 %. Uteståande med statskassa utgjorde per 31.12.19 kr 745 032. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva for eigedelar og gjeld det uteståande består av, jf. opplysningar om avrekning med statskassa i note 8.

#### **Vurderingar av vesentlege forhold ved fondet**

Forvaltning og utbetaling av tilskot frå fondsrekneskapen skjer i pakt med eige regelverk fastsett av Kulturdepartementet. Den nye LOK-ordninga har gitt tilskot ut frå ei ramme på kr 10 mill. I 2019 hadde KORO utbetalningar til dei faste ordningane

på kr 17,052 mill. Kostnadene omfattar tilskot, prosjektleiing, kunstoppdrag og formidling. Ordningane KOM og URO blir fasa ut. Det same gjeld tidegare rundar av LES. LES-ordninga er flytta til post 21 frå 2019. Utbetalingar ved statleg ordning og andre oppdrag har gått vesentleg ned og var kr 3,69 mill. Dette gjeld eldre prosjekt som blir slutført på fondet. Negativt resultat for aktivitetane til fondet er samla kr 3,073 mill. Behaldninga på kr 30 124 724 skal dekke uteståande som gjeld, skatt, arbeidsgivaravgift og tilskotsgjeld. I tillegg inneheld behaldninga forskutterte middel frå enkelte oppdragsgivarar. KORO har ei tilsegnfullmakt for ordinære ordningar på kr 11 mill. Den er ikkje overskriden.

### **Tilleggsopplysningar**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for KORO.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men ein reknar med at revisjonsrapporten er klar i løpet av 2. kvartal 2020.

Oslo, 13. mars 2020



Svein Bjørkås  
Direktør



## Årsrekneskap 2019 Drift

